



Årsmelding 2024

E-sport Kviteseid Idrettslag

1. Innleiing

E-sportgruppa i Kviteseid Idrettslag går no inn i sitt fjerde driftsår og held fram med å tilby eit trygt, sosialt og lærerikt miljø for born og ungdom i Kviteseid som er interesserte i gaming. I 2024 har vi halde fram med den gode utviklinga frå tidlegare år og søkt å vidareutvikle tilbodet vårt, både på organisatorisk nivå og når det gjeld teknisk tilrettelegging.

2. Medlemmer i E-sportgruppa

- **Leiar:** Stian Hauge
- **Styremedlemmer:** Liv Astri Riis, Marianne Skjæveland og Eirik Næss
- **Aktivitetsleiarar:** Stian Hauge, Eirik Næss, Liv Astri Riis og Marianne Skjæveland

Det har vore eit stabilt styre gjennom året, men med jamnleg evaluering av arbeids- og ansvarsfordeling for å sikre effektiv drift.

3. Organisering og aktivitet

Målet vårt er framleis å gje born og ungdom i alderen 10–17 år eit organisert E-sporttilbod i regi av Kviteseid Idrettslag. På liknande måte som i tradisjonelle idrettar, har vi faste lag/grupper, og føresette blir oppmoda om å bidra aktivt med ulike oppgåver.

- **Fast oppsett:**
 - **Tysdag, onsdag og torsdag kl. 18.00–20.00**

Til saman har om lag 25 deltagarar vore tilknytt gruppa i løpet av 2024, noko som er ein liten redusjon frå i fjor. Oppmøtet er fordelt på fleire grupper slik at alle får god tid til spel og rettleiing frå aktivitetsleiarane.

Vi har også halde fram med å samarbeide med **Kviteseid Frivilligsentral** og det opne ungdomstilbodet i Kviteseidhallen annakvar fredag (kalla “Open Hall”). Her har E-sportrommet vore ein populær stad der ungdom kan møtast for å spele saman i eit trygt miljø. Mellom 30 og 40 ungdommar møter ofte opp desse kveldane, og E-sportrommet er i desse timane stort sett fullt.

4. Arrangement og samarbeid

- **ZuluLan:** E-sportgruppa låner ut utstyr og infrastruktur i samband med det årlege ZuluLan-arrangementet i mars. Dette samarbeidet har vore svært vellukka og skapar positiv merksemd rundt gaming og digital kultur i lokalmiljøet.

5. Vedlikehald og drift av E-sportrommet

E-sportgruppa har hovudansvaret for at rommet er reint og presentabelt, med støtte frå deltakarane i samband med kvar økt.

- **Kommunen** dekkjer framleis straumkostnader til rommet.
- **NC-Spectrum** bidreg med ruter og brannmur.
- **Telefiber** sponsar internettlinja.

Vi vil rette ein særleg takk til alle desse samarbeidspartnerane for at E-sporten i Kviteseid får den tekniske infrastrukturen vi treng for å gje eit godt tilbod.

6. Rekruttering og vidare satsing

I 2024 har jentene dette litt ut av E-sporten og vi vurderer å sette opp ei eige jentegruppe att til neste år. Gjennom tilrettelegging for ulike sjangrar av spel, både taktiske lag spel og kreative byggjespel, håpar vi å treffen endå breiare blant ungdommane.

7. Endringar i gruppa

- Gruppa held generelt fram utan store endringar i styret.
- Vi har ei ressursgruppe med føresette som kan steppe inn ved sjukdom og anna.

8. Oppsummering og vegen vidare

E-sportgruppa i Kviteseid Idrettslag har i 2024 levert eit populært aktivitetstilbod. Vi vil framleis jobbe for å skape eit inkluderande gaming miljø der born og ungdom kan utvikle ferdigheiter, samarbeidsevner og sosialt fellesskap.

På vegner av E-sportgruppa:

Kviteseid, 4. mars 2025